


TNS Gallups Klimabarometer 2013



Fakta om undersøkelsen

TNS Gallups Klimabarometer er en syndikert undersøkelse. Målingen er utviklet og eies av TNS Gallup, og resultatene fra undersøkelsen kan kjøpes av alle. Klimabarometeret ble første gang gjennomført i 2009 og dette er den sjette målingen. Formålet med undersøkelsen er å kartlegge befolkningens holdninger i klima- og energipolitiske spørsmål, samt se utviklingen over tid. Rapporten skal ikke publiseres, offentliggjøres eller videresendes, verken helt eller delvis, uten samtykke fra TNS Gallup.

- Metode: Web-intervju (CAWI).
- Gjennomført på TNS Gallups web-panel.
- Feltperiode: 19. mars - 4. april 2013.
- 1101 respondenter.
- Utvalget er trukket representativt for befolkningen over 18 år.
- Resultatene er vektet på kjønn, alder, geografi og todelt utdanning.
- Estimert feilmargin: +/-3%-poeng i de spørsmål der hele utvalget er med.



Forord

1





Forord av miljøvernminister Bård Vegar Solhjell

Klimaendringane vil ramme deg og meg

Av miljøvernminister Bård Vegar Solhjell

Folk flest meiner klimaendringane er menneskeskapte og ei av dei største utfordringane vi står overfor. Klimaskepsisen har ikkje fått sterkare grobotn i Noreg, viser klimabarometeret til TNS Gallup. Men samstundes oppfattar dei fleste at saker som helsekøar og kriminalitet er større direkte utfordringar her og no. Det illustrerer den vanskelege oppgåva vi som miljøpolitikarar har.

Klimaproblemet opplevast ikkje som ein akutt fare. 18 prosent meiner det er den største utfordringa Noreg står overfor, og det er på sjette plass etter helse, veg og bane, innvandring, utdanning og kriminalitet. Våren 2009 var det 28 prosent som såg klimaendringar som den største utfordringa. Det var rett før klimatoppmøtet i København, og mykje merksemd om klima i offentlegheita.

Oppfatninga er at klimaendringane vil inntreffe eit stykke inn i framtida. Det kan samanliknast med å overbevise ein 17-åring om at ho må teikne pensjonsforsikring. Det er ikkje størrelsen på pensjonen om 50 år ho er mest oppteken av i kvardagen. Ho er meir bekymra for om karakterane på skulen er gode nok til at ho kjem inn på den utdanninga ho ønskjer seg.

Under halvparten av befolkninga bekymrar seg for konsekvensane klimaendringane kan få for dei og deira næraste familie. Dei fleste trur at det ikkje vil skje store endringar i nabolaget deira, men at dei verste konsekvensane vil skje i andre land.

Oppfatninga er at klimaendringane vil inntreffe eit stykke inn i framtida. Det kan samanliknast med å overbevise ein 17-åring om at ho må teikne pensjonsforsikring.



Forord av miljøvernminister Bård Vegar Solhjell

Eg forstår at mange ikkje tek inn over seg alvoret i klimaendringane. Flaum eller orkan som øydelegg huset vårt eller vegen vi brukar, er skremmande og kan skape frykt. Men som oftast knyter vi ikkje det direkte til klimaendringane. At det skal bli meir flaum og regn i Noreg i framtida verkar ikkje som ein akutt trussel for dei fleste, sjølv om vi aksepterer kunnskapen til klimaforskarane. Det er meir akutt behov å få plass på sjukehus dersom du får kreft eller anna alvorleg sjukdom. Men samstundes handlar klimaendringane om helsa til heile jordkloden og levekåra for framtidige generasjonar. Det er avgjerande at vi handlar no dersom vi skal klare å bremse klimaendringane.

All ny kunnskap som er lagt fram, tyder nemleg på at vi har undervurdert faren for klimaendringar. Det regnar 20 prosent meir i Noreg no enn for 100 år sidan. Isen i Arktis smeltar raskare enn klimaforskarane hadde sett for seg i sine modellar og framskrivingar. Samanhengen mellom ekstremvær og menneskeskapte klimagassutslepp er blitt betre dokumentert.

Ekstreme varme- og kuldeperiodar i Europa, hetebølgjer i Texas og tørke i Aust-Afrika kan knytast direkte til menneskeskapte klimaendringar, ifølgje ein rapport frå det amerikanske meteorologiske instituttet frå juli 2012. Eg var sjølv nyleg på Svalbard og kunne sjå korleis klimaendringane går føre seg her og no. Vi køyrde båt i eit område som ville vore isdekt for ti år sidan. Ingen ringselungar hadde levd opp på ti år på grunn av dei dårlege isforholda. Brøggerbreen på Svalbard er blitt 30 meter tynnare sidan 1995. Eg fekk halde iskjermer som viser korleis nedbørmengdene og temperaturen svingar frå år til år. Dei fungerer som eit kart over klimaendringane. Det gjorde sterkt inntrykk å sjå kor raskt klimaendringane har endra naturen og miljøet på Svalbard. Eg trur vi treng slike aha-opplevingar for å fatte alvoret i situasjonen.

***Det er avgjerande at vi handlar no
dersom vi skal klare å bremse
klimaendringane.***



Forord av miljøvernminister Bård Vegar Solhjell

Det viktigaste vi kan gjøre for å motvirke klimaendringane, er å kutte klimagassutsleppa både i Noreg og i verda. Noreg må gjøre det vi kan, og følge opp dei ambisiøse måla i klimaforliket. Vi skal omstille oss til eit lågutsleppssamfunn, og det får konsekvensar både for transport, bustader, industri og oljeverksemd. Karbonet frå dei fossile energiresursane vi kjenner til, inneheld fem gonger meir CO₂ enn klimaet toler. Dersom vi skal nå målet om å avgrense den globale oppvarminga til 2 gradar, må mykje av dei kjende fossile ressursane bli i bakken. Det må også Noreg ta ansvar for.

Vi må også tilpasse samfunnet til dei klimaendringane som er her og som vi vil oppleve meir av i framtida. Eg la denne våren fram ei stortingsmelding om klimatilpassing som tek for seg dette. Ekstremnedbør som vi har sett så mykje av dei siste somrane kan vi vente oss meir av. Kjellarar vil bli fylte med vatn og vegar vil bli vaska bort. Kvaliteten på drikkevandet kan bli svekka på grunn av auka avrenning, og temperaturauke vil gje flått over heile landet.


Klimabarometeret viser at mange veljarar vil ha ein meir ambisiøs klimapolitikk enn stortingsfleirtalet. 42 prosent vil ha sterkare ambisjonar enn klimaforliket, og to av tre meiner Noreg har eit spesielt ansvar for å redusere klimautsleppa fordi vi er eit oljeland. Kvar fjerde veljar seier at klimapolitikken er avgjerande for kva parti dei skal stemme på. Det er flest klimaveljarar blant dei yngste. 36 prosent av veljarane under 30 år legg vekt på klimaspørsmålet.

Vi politikarar treng press frå veljarane for å få til handling. Difor er eg glad for at folk er utolmodige, og glad for at så mange unge veljarar er opptekne av klima. Eg skal love å gjøre mitt beste for å halde klimaspørsmålet høgt oppe på dagsordenen og bidra til omstilling. Eit klimavennleg samfunn er ikkje berre framsynt, det er også eit godt samfunn her og no, med mindre trafikk, køar og trengsel, reinare luft og betre bustader.

Eit klimavennleg samfunn er ikkje berre framsynt, det er også eit godt samfunn her og no, med mindre trafikk, køar og trengsel, reinare luft og betre bustader.

To av tre mener Norge har et spesielt ansvar for å redusere klimagassutslipp


Q16 Hvor enig eller uenig er du i at Norge som en stor olje- og gassprodusent har et spesielt ansvar for å redusere klimagassutslipp? (n=1101) Prosent.



- 66% av befolkningen mener at Norge som en stor olje- og gassprodusent har et spesielt ansvar for å redusere klimagassutslipp.
- SV- (88%) og V-velgere (86%) er de som i størst grad slutter opp denne holdningen.

Tropå at klimaendringene er menneskeskapte eller ikke er avgjørende for holdningen.


Andel som er delvis/helt enig



Størst tillit til Naturvernforbundet og Bellona

*Bellona har størst tillit blant de over 45 år.
Naturvernforbundet står sterkest blant de aller yngste (under 30 år).*

Q17 Hvilken tillit har du til at følgende aktører tar en aktiv rolle for å redusere utslipp av klimagasser? (n=1101) Prosent.



- 60% av befolkningen har stor eller svært stor tillit til at naturvernforbundet tar en aktiv rolle for å redusere utslipp av klimagasser.
- 58% sier det samme om Bellona.
- Zero er den av aktørene som er målt som har lavest kjennskap i befolkningen. Dette påvirker også andelen som uttaler tillit til Zero.